

## Innspel til arealplan i Alver kommune, for utvikling av eigen landbrukseiendom.

Dato: 14.09.2022

Underteikna er fødd og oppvaksen på garden 186/2 på Aase og har sjølv drevet garden med familie i 25 år. Gjennom disse 25 åra har me vore 4 generasjonar som har budd og delteke i drifta på garden. Garden ligg sentralt i Alver kommune og har eit stort utviklingspotensiale med sine gode, sentrale areal. Det har vore ei stor omvelting for dei fleste gardar i kommunen dei siste 30 åra, sidan staten skulle kvitte seg med dei minste produksjonane. Me driv ein av dei større tidlegare mjølkeproduksjonsbruka i tidlegare Lindås kommune og har måtta endra mykje før og etter avslutninga av mjølkeproduksjon i 2008.

For å kunne drive jorda, ta vare på matjorda og bygningar for framtida, så er ein avhengig av å ha inntekt utenfra eller nye næringar på bruket, eller begge.

For 20 år sidan var det svært viktig at dei som ikkje ville ta kostnaden å bygge nytt for å fortsette mjølkeproduksjon med nye krav, skulle kunne starte tilleggsnæringar og nye næringar. Her var Innovasjon Norge pådrivar og fekk i gang mange tilleggsnæringar.

No ser me at for å starte nye næringar, så krev kommunen å endre areala på landbrukseigedomane. Dette har eg opplevd som ei mykje større økonomisk og krevande utfordring enn slik det var å kunne starte tilleggsnæring i vanleg LNF område. Det er også veldig uheldig at kommunen sjølv kan endre eit område på eit gardsbruk frå LNF til LNF-spredd næring, utan at der har vore dialog om planer med grunneigar.

Underteikna med familie ynskjer likevel å kunne videreutvikle garden sine ressursar og drive og ivareta den dyrka marka på garden. Me ser at dersom dei neste generasjonene skal fortsette å drive jorda, må det vere liv i bygdene og enkelt å kunne starte varierte tilleggsnæringar. Det må også vere rom for å etblere nok bustader til at generasjonane kan bu på garden. Me har lenge vore 4 generasjonar på garden og dette varierer selvfølgelig gjennom tida. Det er klart at alle gardar ikkje er like, men det vert feil å ikkje kunne ha boliger for alle generasjonar når alle har kår på garden. Det er også heilt nødvendig at dei eldste generasjonane hjelper til på gardane så lenge dei kan. Det er ei uerstatteleg hjelp som er lite verdsatt i landbruksøkonomien.

Det har alltid vore vanskelig å finne tilleggsnæring som skal være småskala og være knytt til landbruk. Ikkje alle ynskjer å lage fårepølse eller ha folk inn på tunet eller starte med hest. I krava for tillggsnæringar vert det tatt for lite hensyn til garden sine ressursar, beliggenheit og grunneigars ynskje og interesser. Me ser også at areala rundt nye næringar også er verdifulle for dei nye næringane. Å ivareta naturen, vere tett og få opplevingar, er eit uerstattelig gode sjølv om tilleggsnæringa kan foregå innadørs.

Underteikna gav innspel også i forrige arealplan. Resultatet då vart at fleire områder fekk LNF-spredd næring status, men der var ingen dialog om kva for planer eller kvifor desse områda vart lagt inn. Vi reagerte på dette den gang og fekk få svar om kvifor? Det vart sagt at det hadde inga betydning, heilt til vi starta søknader om bygging. Då vart det krav om reguleringsplan for heile området, for å setje opp driftsbygg til tradisjonell og tilleggsnæring?

Underteiknande ynskjer derfor i dette innspelet til areal plan for Alver kommune å gje innspel for vår landbrukseigedom for å starte nye næringar og samtidig ivareta det som er viktig for oss, dyrka mark og natur. Vi ynskjer derfor dialog for å best mogleg tilrettelegje for nye næringar og arbeidplasser på garden, som vil kunne ha inntjening til å kunne halde garden i drift og gje inntekt til dei som bur, driv og arbeider på garden.

Garden vår er ein gard og ingenting av areala er til salgs. Derfor er det betre at kommunen også tilrettelegg for tilleggsnæringar som ikkje berre er knytt til landbruk og skogbruk, enn å tilby at kommunen lett kan endre heile garden til næringsområde der me kan selje unna deler av garden til sultne næringsutbyggjarar. Dette var forslaget frå Lindås kommune tidlegare, men uaktuelt for oss som driv den viktigaste næringa.

Det er vanskeleg å sjå kva tilleggsnæringar i landbruket som kan gå inn under LNF-spredd næring, som skal kunne gi garden framtidig arbeidsplasser og økonomi til å utvikle garden for framtida.

I forrige arealplan vart fleire av våre områder som sagt lagt inn som LNF-spredd næring, utan dialog og samtykke. Det er uheldig at vi som bur, driv, kjenner og eig garden, ikkje skal få gje innspel i dialog med vurderingane som vert gjort. For oss vil det være problematisk å starte nye næringar som ligg i gardstunet med bolig og anna drift tett inntil, når der er områder som ligg i utkanten som har lettere tilkomst og er bedre tilrettelagt med infrastruktur.

Det er også begrensa og uklårt kva tilleggsnæring i landbruket som kan etablerast i eit definert LNF- spredd næringsområde på 15 dekar. Ønsker derfor kommunikasjon med planforvaltere og bygdesamfunns utviklere i kommunen for å finne gode løysingar.

Vedlagt i kart ligg areal som me meiner er egna for å utvikle for å etablere arbeidsplasser og bustader på garden vår. Me ynskjer ein dialog med Alver kommune før areala evt vert endra til LNF- spredd næring og LNF-spredd bustad.

Det viktige for oss er at dei som ynskjer kan bu på garden og ivareta den tradisjonelle drifta, og kan få til gode næringar på dei områda og areala som ikkje er knytt opp mot dagens drift.

Håper på dialog og samhandling når vi skal utvikle bygdene i Alver kommune på beste måte.

Mvh

Arild Aase

## **Landbruk**

Alver er ein av dei største landbrukskommunane i Vestland (målt i areal), med meir enn 2000 landbrukseigedomar og rundt 473 aktive føretak. Mjølkeproduksjonen er berebjelken i landbruket i Alver, og det er her ein finn dei fleste heiltidsgardbrukarane. Dei driv ein betydeleg del av jordbruksareala i kommunen og tilgang på areal som ikkje er oppstykkka av andre aktivitetar er viktig føresetnad for deira drift.

I tillegg til mjølkeproduksjon er storfe og sau dei viktigaste produksjonane, og fleire enn 100 føretak driv også ulike bygdenæringar. Skogbruk er og ein viktig del av næringa. Landbruket bidreg til sysselsetting og verdiskaping i andre næringar som t. d. transport og foredling. Potensiale for å auke omfang av foredling og verdiskaping i landbruket er stort. I arealdelen vert det viktig å unngå nedbygging/infiltrasjon av jordbruksareala.

I kommunen er det ein variert bruksstruktur og planarbeidet skal vurdere følgjande tema i planarbeidet:

- Tiltak for å gjere det enklare å byggje hus nr. 2 og 3 på garden, samt moglegheit for å skilje det/dei frå så lenge det ikkje svekkar ressursen på garden.
- Bruk med potensiale for småskala næringsutvikling knytt til landbruk (arealføremål LNF-spreidd næring)
- Areal til parsellhagar mm. for å legge betre til rette for dyrking, sjølvbergning og berekraft
- Areal for mottak av masser til forbetring av jordbruksareal (gjenbruksmasser, sirkulær økonomi)
- Ny bruk under gamle tak; gammal bygningsmasse på kaiar og andre tidlegare møteplassar, gamle sjøbuer, løer og uthus; leggje til rette for gjenbruk og ombygging av våningshus.